

*Hei!*

*Alver Frivilligsentralar består av Manger, Frekhaug og Knarvik Frivilligsentral. Formålet til frivilligsentralane er å «stimulere til frivillig innsats, være opne møteplassar for befolkninga og vere eit bundeledd mellom kommune og frivillig sektor».*

*Alver Kommune får årleg tilskot frå Kulturdepartementet til drifta av dei tre sentralane, og i samband med endringar i [forskrifta for tilskotet](#) skal vi 'ha eit rådgjevande organ som kan påvirke drifta av frivilligsentralen, der frivilligheita er representert'. Eit slikt organ har vi ikkje etablert enno, men tek no kontakt med dykk fordi vi ønskjer å spørje dykk om de kan tenkje dykk å bidra in i eit slikt organ?*

*Vi ynskjer ikkje å etablere eit formelt organ med eigne vedtekter, og dette stillast det heller ikkje krav om i forskrifta.*

*Vi ønskjer å etablere eit meir uformelt organ, og har eit forslag til ei samansetjing av eit slikt organ:*

- *Leiar for idrettsrådet*
- *Leiar for kulturrådet*
- *Rådgjevar fagutvikling v/ Helse og omsorg Randi Kvinge*

*Med idrettsråd og kulturråd representert vil store delar av frivilligheita vere representert, samt at desse funksjonane har god kjennskap til kva som rører seg lokalt på frivilligheitsfeltet.*

*Rådgjevarstillinga som er foreslått inn i organet er ei relativt nyopprettet stilling i kommunen (haust 2023), med særleg fokus på frivilligheit inn i helsesektoren. Randi Kvinge har difor god kjennskap til den delen av frivilligheita som er meir helserelatert, og som ikkje omfattast av kultur og idrettsråd.*

*Vi ønskjer å møtast to til tre gongar i året. Formålet med møta er at vi kan orientere om frivilligsentralane si drift og få innspel frå dykk på drifta vår. Kva behov har frivilligheita? Korleis kan frivilligsentralane på best mogleg måte stimulere til vekst og utvikling hjå frivilligheita i Alver? Å kunne dele kunnskapen og kjennskapen om lokal frivilligheit trur vi kan vere nytig for oss alle. Vi spør dykk no difor om de kan tenkje dykk å vere med på dette?*

*Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål – vi ser fram til å høyre frå dykk.*

Birthe Kråkenes Bjørstad | Dagleg leiar Manger Frivilligsentral | Drifts- og fagansvarleg frivilligsentralane i Alver og BUA i Alver.